

Radøy kommune,  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

Plansak 12602014000300 – detaljplan Kuvågen hyttefelt –  
reguleringsendring.

## Fråsegn

Det er bra at talet på hytter er avgrensa til 10, slik det er fastlagt i gjeldande plan.

I samband med foreslått reguleringsendring i 2014, sende vi inn skriv med følgjande konklusjon:

Vi protesterar mot:

- Godkjenning av meir enn 10 hytter
- Løyve til oppføring av boder
- Bilveg fram til hyttene
- Fjerning av retten til at folk flest kan vandre i området og ha tilkomst til strandområdet og Hestholmen
- Sterkare privatisering enn det som ligg i tidlegare planar.

Grunngjevinga finn de i nemnde skriv.

Eit viktig punkt gjeld er dei 3 hyttene som i noverande kartframlegger er merka med 111, 112 og 113. I vedteken reguleringsplan var desse merka med 1,2 og 3.

Vi kan ikkje sjå å ha fått tilfredsstillande svar på vårt skriv av 17. Oktober 2013. Dette har vi og peika på i skrevet vedkomande reguleringsendringa i 2014.

Den plassering desse hyttene har fått er til stor skade / ulempe for aktiviteten ved Bauten.

Vi gjer kommunen ansvarleg for dette.

**Skaden / ulempa kan dempast noko om desse hyttene ikkje får rett til bilveg og parkering ved hyttene.**

**Om det skulle skje at gangvegen i gjeldande plan blir omgjort til bilveg med parkering ved hyttene, må dette ikkje bli gjeldande for hyttene 111, 112 og 113.**

### Rett til fri ferdsel for ålmenta:

I føresegnene 2.2.3 og 2.3.5 går det fram at det er fri ferdsel for **ålmenta** i desse områda for småbåtanlegg og område for Uthus / naust/ badehus.

Korleis skal ålmenta (over land) kunne koma fram til desse områda når det for arealet som vert kalla Friområde (f\_F1) vert sagt "Området F1 er felles friområde for fritidsbustadene".

Dette må endrast til at det i friområdet F1 skal vere fri ferdsel for ålmenta.

**Hestholmen – reguleringsgrensa:**

I tidlegare skriv har vi og sagt:

*"Ved ei eventuell reguleringsendring, er det viktig at almenretten i området og tilkomsten til Hestholmen ikkje blir skadelidande.*

*Dette er og i samsvar med Hordaland fylkeskommune sin uttale i skriv av 25.01.2013"*

Vi tolkar planframlegget slik at Hestholmen ikkje er med i planområdet.

Vi meiner Hestholmen må vere med. Planen må omfatte heile tidlegare bnr. 3 der Hestholmen er friluftsområde.

**Vassforsyninga:**

Det er bra at Føresegnene punkt 1.4.2 krev at "Før det vert gjeve bruksløyve/ferdigattest til fritidsbustadene skal felles VA-anlegg vere ferdigstilt".

Vi har tidlegare gjort kommunen kjend med hytteprosjektet har fått kjøpt seg inn på vår vassleidning under visse føresetnader. Mellom anna drenering av eksisterande leidningskum. Dette er endå ikkje gjort. Etter vårt syn er dette ein mangel av slik art at VA-anlegget fram til hyttene ikkje kan ferdigstillast.

Bergen, den 19.05. 2015.

Med helsing



Karstein B. Vågenes AS  
Grunneigar Gbnr. 28/15